



Vang kommune

Kommunestyret

Møteprotokoll

Møtedato: 19.03.2026
Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00
Møtestad: Vang kommunehus - Grindadn/skutshødn

Frammøte

Jørund Ødegård Lunde
Elisabeth Myhre
Lars Østbye Hemsing
Stine Solemsli
Unni Sandsengen
Elisabeth Hålien
Jon Helge Solemsli
Leif Solemsli
Tom Kjetil Tørstad
Erlend Eggen
Camilla Bjone Hålien
Helge Lajord
Kristin Bakke Lajord

Parti

ANDR
AP
AP
AP
AP
BIV
BIV
BIV
BIV
MDG
SP
SP
SP

Forfall

Bjørn Olav Søndrol
Steinar Frøyen
Vidar Eltun
Asgrim Opdal

Parti

AP
AP
AP
BIV

Varamedlem møtte

Signe Marit Haugen
Vegard Eltun
Toril Gulbrandsen
Odd Vidme

Parti

AP
AP
AP
BIV

Møtenotater:

Orienteringar:

Kl. 09.15 - 10.00: Orientering om kommuneplanen sin arealdel, og innspel til planprogram

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
014/26	Godkjenning av møteprotokoll
015/26	Spontanspørjetimen
016/26	Valdresmusea - søknad om støtte til etablering av flaumvern
017/26	Uttale - Høyring av NOU 2026:1 Ein bærekraftig kommunesektor
018/26	Framlegg til forskrift om overnattingsavgift til kommunene - uttale frå Vang kommune.
019/26	Bruksendring av fritidsbustad - bu på hytta
020/26	Søknad om endra vilkår for løyvd tilskot - Fjord og Fjellruta v/ JVB Travel.
021/26	Rapport Folketråkk 2025
022/26	Val av ny nestleiar i kontrollutvalet
023/26	Val av varamedlem til styre for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2023-2027
024/26	Samlesak for referatsaker

014/26 Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 014/26 Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte blir godkjent

015/26 Spontanspørjetimen

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Jon Helge Solemsli (BIV)

Burmavegen. Status på arbeidet

- Kommunedirektøren svara på spørsmålet. Beitostølen Maskin og Transport utfører fortsatt utbetningsarbeid på utført arbeid. Det er utførelsen av plastringa som har vore utfordrande og Beitostølen Maskin og Transport har valgt å leige inn Midje Maskin frå Aurland til å utføre dette. Dette er ein reklamasjon og Beitostølen Maskin og Transport tar kostnadane. Plastringa tek tid, men er i slutfasen no og vil bli ferdig etter påske.

VA på Filefjell. Status på arbeidet

- Kommunalsjef Ingeborg Lunde svara på spørsmålet. Ny pumpestasjon vart kobla på 18.03.2

Helge Lajord (SP)

Filefjellkonferansen. Hvem er arrangør? Oppfordring til politikere å møte opp?

- Ordførar svarte på spørsmåla. Arrangementet er publisert på kommunen sin heimeside og facebookside. Personleg invitasjon til å møte er berre gjeven til formannskapet og ordførarane i Årdal og Lærdal.

Lars Østby Hemsing (AP)

Fartsgrense forbi Coop. Har det vært dialog med SVV ift plassering av skilt? Fartsgrense fra Søndrolssvingen til 50 sone før Coop, bør det gjerast nokon vurdering frå vegvesenet?

- Arealplanleggjar Magnus Lajord svara på spørsmåla.

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Nibio rapport. Er rapporten kjent for Vang? Korleis blir slike rapporter brukt i administrasjonen? Korleis er dialogen med Vestre Slidre kommune om Syndin?

- Kommunalsjef Ingeborg Lunde og rådgjevar Andris Hemsing svara på spørsmålet

Kristin Bakke Lajord (SP)

Rutine for mottak og svar på henvendelser til kommunen, jmf forvaltningslova og frist for svar.

- Vi har etablerte rutinar for både registrering av henvendelser og saksbehandlingstid. Alt som kjem via postmottaket blir lagt direkte inn i sak- og arkivsystemet vårt. Dersom ei henvending kjem direkte til ein saksbehandlar, har den enkelte ansvar for å journalføre dokumentet fortløpande.
Kommunen praktiserer ei saksbehandlingstid på inntil 30 dagar, jf. forvaltningslova. Dersom vi treng lengre tid, skal det sendast eit mellombels svar.
Vi har nyleg hatt oppfriskingskurs for tilsette med gjennomgang av desse rutinane, desse vert lagt til som referatsak til møte.

016/26 Valdresmusea - søknad om støtte til etablering av flaumvern

Framlegg til vedtak:

Søknad frå Valdresmusea AS til Vang kommune om støtte til etablering av flaumvern vert ikkje innvilga.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Nytt forslag til vedtak, fremja av Elisabeth Hålien, Bygdelista i Vang
Vang kommune innvilger ønsket tilskudd til flomvern på kr. 45.415,-, og anmoder andre eierkommuner å gjøre det samme, etter oppsatt finansieringsplan. Beløpet tas fra dispensasjonsfondet.

Kristin Bakke Lajord stilte spørsmål om sin habilitet: ho var erklært habil og deltok i behandling av saka.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 9 stemmer (53%) - ANDR 1, AP 7, MDG 1

Nytt forslag til vedtak: 8 stemmer (47%) - BIV 5, SP 3

Elisabeth Hålien (BIV)

Stemmer:

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Camilla Bjone Hålien (SP)

Jon Helge Solemsli (BIV)

Helge Lajord (SP)

Elisabeth Hålien (BIV)

Odd Vidme (BIV)

Leif Solemsli (BIV)

Kristin Bakke Lajord (SP)

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 9 stemmer (53%) - ANDR 1, AP 7, MDG 1

Stemmer:

Vegard Eltun (AP)

Unni Sandsengen (AP)

Lars Østbye Hemsing (AP)

Erlend Eggen (MDG)

Toril Gulbrandsen (AP)

Elisabeth Myhre (AP)

Stine Solemsli (AP)

Jørund Ødegård Lunde (ANDR)
Signe Marit Haugen (AP)

Nytt forslag til vedtak: 8 stemmer (47%) - BIV 5, SP 3

Elisabeth Hålien (BIV)

Stemmer:

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Camilla Bjone Hålien (SP)

Jon Helge Solemsli (BIV)

Helge Lajord (SP)

Elisabeth Hålien (BIV)

Odd Vidme (BIV)

Leif Solemsli (BIV)

Kristin Bakke Lajord (SP)

KS - 016/26 Vedtak:

Søknad frå Valdresmusea AS til Vang kommune om støtte til etablering av flaumvern vert ikkje innvilga.

017/26 Uttale - Høyring av NOU 2026:1 Ein bærekraftig kommunesektor

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret sluttar seg til forslag til uttale til NOU 2026:1 slik det går fram av saksframlegget, og gir kommunedirektør fullmakt til å sende inn høyringsuttalen.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Endring av konkrete enkeltforslag i NOU 1, punkt 2, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet
"Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå"

endrast til:

"Dagens lærarnorm blir oppretthalde."

Ein bærekraftig kommunesektor - Forslag fra MDG, fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne
Stryke punkt 1. Vang kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.

Forslag til vedtak, fremja av Elisabeth Hålien, Bygdelista i Vang

Punkt 3. «Vang kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 blir oppheva» strykast.

Sak 17/26, fremja av Helge Lajord, Senterpartiet

Vang kommune støttar framlegg til vedtak med fylgjande endring:

1 : Konkrete enkeltforslag i NOU 1, pkt. 1 og 2 går ut .

Nytt pkt. 1 : Den nasjonale minstenormen for lærarar bør forbli uendra.

Den eksisterande lærarnormen bør oppretthaldast.

2. NOU 2 : Ytterlegare endringar i i dagens verkemiddelbruk...

Pkt.:»og oppmjuking av språkkrav...» går ut.

Nytt tillegg : Helsepersonell med yrkeskvalifikasjoner skal kunne skrive og tale Norsk språk uansett bakgrunn

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Endring av konkrete enkeltforslag i NOU 1, punkt 2**

Lars Østbye Hemsing (AP), Andre partier: AP

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 2 - Votering over forslag

Forslag: **Ein bærekraftig kommunesektor - Forslag fra MDG**

Erlend Eggen (MDG)

For: 15 stemmer (88%) - ANDR 1, AP 6, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 2 stemmer (12%) - AP 1, BIV 1

Stemmer:

Odd Vidme (BIV)

Unni Sandsengen (AP)

Votering nr 3 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag til vedtak**

Elisabeth Hålien (BIV)

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Votering nr 4 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 017/26 Vedtak:

"Dagens lærarnorm bør endrast frå å gjelde på hovudtrinn per skule til kommunenivå" endrast til:

"Dagens lærarnorm blir oppretthalde."

Stryke punkt 1. Vang kommune meiner prinsipielt at bemanningsnormer og formelle kompetansekrav er ueigna og unødvendige verkemiddel i statens styring av kommunane, og at dei bør unngåast.

Punkt 3. «Vang kommune støttar at dei formelle kompetansekrava i helse- og omsorgstjenestelova § 3-2 blir oppheva» strykast.

Kommunestyret sluttar seg til forslag til uttale til NOU 2026:1 slik det går fram av saksframlegget, og gir kommunedirektør fullmakt til å sende inn høyringsuttalen.

018/26 Framlegg til forskrift om overnattingsavgift til kommunene - uttale frå Vang kommune.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune tek framlegg til forskrift for kommunal overnattingsavgift til vitande og fremjar samstundes fylgjande høyringsfråsegn:

1. **Vang kommune støttar innføring av kommunal overnattingsavgift** som eit mogeleg verkemiddel for å finansiere fellesgoder som er viktige for reiselivet og lokalsamfunnet.
2. Kommunen tydeleggjer at **inntektene må øyremerkast tiltak som styrkjer berekraftig reiseliv**, særleg infrastruktur, naturforvaltning og besøksstyring.

3. Kommunen ber departementet sikre at **aktørane får tilstrekkeleg tid til å tilpasse system og prisstruktur**, særleg i overgangsåret 2027.
4. Kommunen støttar at **fritaka er nasjonalt harmoniserte**, og meiner dette reduserer administrativt arbeid for både verksemdar og kommunane.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet , fremja av Jørand Ødegård Lunde, Andre Vang kommune tek framlegg til forskrift for kommunal overnattingsavgift til vitande og fremjar samstundes fylgjande høyringsfråsegn:

1.Vang kommune støttar ikkje forskrifta slik ho ligg føre. Kommunen meiner at besøksbidragsordninga er meint for kommunar med dokumentert særleg stor besøksbelastning, og at forskrifta må avgrensast tydeleg slik at ho ikkje svekkjer konkurransekrafta til reiselivet i distriktskommunar utan slik belastning.

2.Vang kommune ber departementet fastsetje tydelege, målbare kriterium og dokumentasjonskrav for kva som skal reknast som «særleg stor belastning frå reiselivet», og sikre ei klar avgrensing mot kommunar utan dokumentert besøksbelastning.

3.Vang kommune føreset at reiselivsnæringa vert involvert reelt og tidleg i prosessar som gjeld rammevilkår for reiselivet. Kommunen ber departementet sikre at medverknad og lokal forankring vert eit tydeleg krav før ei eventuell lokal ordning kan vurderast.Vang kommune meiner at camping og bubilturisme må omfattast av eit besøksbidrag

Tillegg til pkt. 1 i framlegget fra kommunedirektøren:, fremja av Leif Solemsli, Bygdelista i Vang i område med «særleg stor belastning frå reiselivet.»

Vang kommune meiner at trafikk frå camping- og bobilturisme og må omfattast av forskrifta.

Høringsuttale på kommunal overnattingsavgift, fremja av Erlend Eggen, Miljøpartiet Dei Grøne Vang kommune støttar innføring av besøksbidrag som eit verktøy for å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode, men støttar ikkje forskrift for kommunal overnattingsavgift slik ho ligg føre. For at lovforslaget skal være til hjelp for både reiselivet, kommunen og kommunens innbyggere har Vang kommune følgjande innspel:

- For å unngå vridde konkurransevilkår må forskrifta omfatte fleire delar av reiselivet, ikkje berre overnatting.
- Privat utleige gjennom Airbnb og andre plattformer må inngå i ordninga.
- Bil- og båtturistar må inngå i ordninga, eksempelvis campervan, bubil, yacht og cruise.
- Det trengs ei samordna tilnærming for å møte utfordringar med ulik belastning og administrasjon mellom kommunane. Dette vil også bidra til betre fordeling av inntekter og kostnader i område der turismen påverkar fleire kommuner samtidig.
- Det trengs klare rammer for korleis midlane skal brukast og kontrollerast, ei breidt samansett gruppe beståande av både FoU-miljø, offentleg-, privat- og frivillig sektor skal sikre at tiltaka kjem heile lokalsamfunnet til gode.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Nytt framlegg til vedtak frå formannskapet**

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

For: 1 stemme (6%) - BIV 1

Stemmer:

Elisabeth Hålien (BIV)

Mot: 16 stemmer (94%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Votering nr 2 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag med tillegg frå Leif Solemsli (BIV): 7 stemmer (41%) - BIV 5, SP 2

Stemmer:

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Leif Solemsli (BIV)

Odd Vidme (BIV)

Elisabeth Hålien (BIV)

Jon Helge Solemsli (BIV)

Helge Lajord (SP)

Camilla Bjone Hålien (SP)

Høringsuttale på kommunal overnattingsavgift: 10 stemmer (59%) - ANDR 1, AP 7, MDG 1, SP 1

Erlend Eggen (MDG)

KS - 018/26 Vedtak:

Vang kommune støttar innføring av besøksbidrag som eit verktøy for å finansiere reiselivsrelaterte fellesgode, men støttar ikkje forskrift for kommunal overnattingsavgift slik ho ligg føre. For at lovforslaget skal være til hjelp for både reiselivet, kommunen og kommunens innbyggere har Vang kommune følgjande innspel:

- For å unngå vridde konkurransevilkår må forskrifta omfatte fleire deler av reiselivet, ikkje berre overnatting.
- Privat utleige gjennom Airbnb og andre plattformer må inngå i ordninga.
- Bil- og båtturistar må inngå i ordninga, eksempelvis campervan, bubil, yacht og cruise.
- Det trengs ei samordna tilnærming for å møte utfordringar med ulik belastning og administrasjon mellom kommunane. Dette vil også bidra til betre fordeling av inntekter og kostnader i område der turismen påverkar fleire kommuner samtidig.
- Det trengs klare rammer for korleis midlane skal brukast og kontrollerast, ei breidt samansett gruppe beståande av både FoU-miljø, offentleg-, privat- og frivillig sektor skal sikre at tiltaka kjem heile lokalsamfunnet til gode.

019/26 Bruksendring av fritidsbustad - bu på hytta

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek at administrasjonen fortløpande behandlar søknader om dispensasjon og bruksendring individuelt. Busetting og arealføremål skal vurderast ved revidering av arealdelen til kommuneplanen.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 17 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 5, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

KS - 019/26 Vedtak:

Kommunestyret vedtek at administrasjonen fortløpande behandlar søknader om dispensasjon og bruksendring individuelt. Busetting og arealføremål skal vurderast ved revidering av arealdelen til kommuneplanen.

020/26 Søknad om endra vilkår for løyvd tilskot - Fjord og Fjellruta v/ JVB Travel.

Framlegg til vedtak:

Vang kommune vedtek fylgjande endring i KS-064/25:

1. Vilkåret om at kommunane Årdal og Lærdal skal løyve tilsvarande sum vert endra til: *Kommunane Årdal og Lærdal skal bidra med ei rimeleg og forholdsmessig økonomisk støtte til etableringa av Fjord og Fjellruta.*
2. Vang kommune sitt vedtak om støtte på kr 750 000 over tre år står ved lag uavhengig av om nabokommunane løyver identisk sum, så lenge JVB Travel kan dokumentere at det vert arbeidd aktivt med å få på plass regional / anna medfinansiering.
3. JVB Travel skal innan utgangen av år 1 leggje fram ei kort statusmelding for kommunestyret om økonomi, trafikktalet og vidare plan.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

20/26, fremja av Helge Lajord, Senterpartiet

Nytt framlegg : Vang kommune står på vedtak i sak 64/25.

Dersom det ikkje let seg finansiere ,utsette oppstart til 2027

Votering nr 1 - Votering over forslag

Opprinnelig forslag: 5 stemmer (29%) - BIV 5

Stemmer:

Leif Solemsli (BIV)

Tom Kjetil Tørstad (BIV)

Elisabeth Hålien (BIV)

Odd Vidme (BIV)

Jon Helge Solemsli (BIV)

20/26: 12 stemmer (71%) - ANDR 1, AP 7, MDG 1, SP 3

Helge Lajord (SP), Andre partier: SP

KS - 020/26 Vedtak:

Vang kommune står på vedtak i sak 64/25.

Dersom det ikkje let seg finansiere ,utsette oppstart til 2027

021/26 Rapport Folketråkk 2025

Framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Vang vedtek tilrådingane frå folketråkk rapporten, og at aktuelle tiltak blir innarbeidd i forslag til årsbudsjett og handlings- og økonomiplan.

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Innspel frå Eldrerådet om gangveg og trillestig blir send vidare til arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 16 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Jon Helge Solemsli (BIV) måtte forlate møte og deltok ikkje i behandlinga

KS - 021/26 Vedtak:

Kommunestyret i Vang vedtek tilrådingane frå folketråkk rapporten, og at aktuelle tiltak blir innarbeidd i forslag til årsbudsjett og handlings- og økonomiplan.

022/26 Val av ny nestleiar i kontrollutvalet

Framlegg til vedtak:

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag til ny nestleiar i kontrollutvalet, fremja av Lars Østbye Hemsing, Arbeiderpartiet
Toril Gulbrandsen

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag til ny nestleiar i kontrollutvalet**

Lars Østbye Hemsing (AP), Andre partier: AP

For: 16 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Jon Helge Solemsli (BIV) måtte forlate møte og deltok ikkje i behandlinga

KS - 022/26 Vedtak:

Toril Gulbrandsen blir ny nestleiar i kontrollutvalet.

023/26 Val av varamedlem til styre for Jotunheimen nasjonalpark og Utladalen landskapsvernområde 2023-2027

Framlegg til vedtak:

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Forslag til vedtak, fremja av Jørund Ødegård Lunde, Andre

Kristin Bakke Lajord velges som nytt varamedlem

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Forslag til vedtak**

Jørand Ødegård Lunde (ANDR)

For: 16 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Jon Helge Solemsli måtte forlate møte og deltok ikkje i behandlinga

KS - 023/26 Vedtak:

Kristin Bakke Lajord velges som nytt varamedlem

024/26 Samlesak for referatsaker

Referatsakene blir tatt til orientering

19.03.2026 Kommunestyret

Behandling

Votering nr 1 - Votering over forslag

Forslag: **Opprinnelig forslag**

For: 16 stemmer (100%) - ANDR 1, AP 7, BIV 4, MDG 1, SP 3

Mot: 0 stemmer (0%)

Jon Helge Solemsli måtte forlate møte og deltok ikkje i behandlinga

KS - 024/26 Vedtak:

Referatsakene blir tatt til orientering